

## KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/38/12

av 26. januar 2005

**om godkjenning av planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og naudvaksinasjon av slike svin i Slovakia(\*)***[meldt under nummeret K(2005) 127]***(Berre den slovakiske teksta er gyldig)**

(2005/59/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske  
felleskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001  
om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest<sup>(1)</sup>,  
særleg artikkel 16 nr. 1 andre leddet og artikkel 20 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I 2004 vart det påvist klassisk svinepest hjå viltlevande svin i visse område i Slovakia. For å motkjempe utbrot av klassisk svinepest har Kommisjonen vedteke vedtak 2004/375/EF<sup>(2)</sup>, 2004/625/EF<sup>(3)</sup> og 2004/831/EF<sup>(4)</sup> om endring av kommisjonsvedtak 2003/526/EF av 18. juli 2003 om vernetiltak mot klassisk svinepest i visse medlemsstatar<sup>(5)</sup>, der det vart fastsett visse tilleggstiltak for å motkjempe sjukdommen.
- 2) Slovakia innførte eit intensivt program for overvaking av klassiske svinepest hjå viltlevande svin i heile staten, og særleg i det området som er smitta. Dette programmet er framleis i kraft.
- 3) Slovakia har no lagt fram for godkjenning ein plan for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin for veterinær- og næringsmiddeladministrasjonen i distrikta Trnava (medrekna distrikta Piešťany, Hlohovec

og Trnava), Levice (medrekna distriktet Levice), Nitra (medrekna distrikta Nitra og Zlaté Moravce), Topoľčany (medrekna distriktet Topoľčany), Nové Mesto nad Váhom (medrekna distriktet Nové Mesto nad Váhom), Trenčín (medrekna distrikta Trenčín og Bánovce nad Bebravou) Prievidza (medrekna distrikta Prievidza og Partizánske), Púchov (medrekna distrikta Púchov og Ilava), Žiar nad Hronom (medrekna distrikta Žiar nad Hronom, Žarnovica og Banská Štiavnica), Zvolen (medrekna distrikta Zvolen og Detva), Banská Bystrica (medrekna distrikta Banská Bystrica og Brezno), Lučenec (medrekna distrikta Lučenec og Poltár), Krupina og Veľký Krtíš.

- 4) Ettersom Slovakia har sett seg føre å innføre vaksinasjon av viltlevande svin i distrikta Trenčín, Bánovce nad Bebravou, Prievidza, Partizánske, Zvolen, Krupina, Detva, Veľký Krtíš, Lučenec og Poltár, har staten i tillegg lagt fram for godkjenning ein plan for naudvaksinasjon.
- 5) Dei slovakiske styresmaktene har godkjent bruken av ein svekka levande vaksine mot klassisk svinepest (C-stamme) til immunisering av viltlevande svin ved hjelp av lokkemat.
- 6) Dei planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og naudvaksinasjon av slike svin i dei nemnde områda som Slovakia har lagt fram, er vortne granska og funne å vere i samsvar med direktiv 2001/89/EF.
- 7) Av omsyn til klarleiken bør det i dette vedtaket gjevast opplysningar om dei geografiske områda der utryddings- og naudvaksinasjonsplanane skal gjennomførast.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 24 av 27.1.2005, s. 46, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 138/2005 av 2. desember 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 10 av 23.2.2006, s. 4.

(<sup>1</sup>) TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet endra ved tilmeldingsakta av 2003.

(<sup>2</sup>) TEU L 118 av 23.4.2004, s. 72.

(<sup>3</sup>) TEU L 280 av 31.8.2004, s. 36.

(<sup>4</sup>) TEU L 359 av 4.12.2004, s. 61.

(<sup>5</sup>) TEU L 183 av 22.7.2003, s. 46. Vedtaket sist endra ved vedtak 2004/831/EF.

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 3*

Slovakia skal straks gjere dei tiltaka som er naudsynnte for å rette seg etter dette vedtaket, og offentliggjere desse tiltaka. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

*Artikkel 1*

Den planen som Slovakia har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i det området som er fastsett i nr. 1 i vedlegget, er godkjend.

*Artikkel 4*

Dette vedtaket er retta til Den slovakiske republikken.

*Artikkel 2*

Den planen som Slovakia har lagt fram for naudvaksinasjon av viltlevande svin i det området som er fastsett i nr. 2 i vedlegget, er godkjend.

Utfërda i Brussel, 26. januar 2005.

*For Kommissjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommissjonen*

---

*VEDLEGG*

**1. Område der utryddingsplanen skal gjennomførast**

Territoriet som kjem inn under veterinær- og næringsmiddeladministrasjonen i distrikta Trnava (medrekna distrikta Piešťany, Hlohovec og Trnava), Levice (medrekna distriktet Levice), Nitra (medrekna distrikta Nitra og Zlaté Moravce), Topoľčany (medrekna distriktet Topoľčany), Nové Mesto nad Váhom (medrekna distriktet Nové Mesto nad Váhom), Trenčín (medrekna distrikta Trenčín og Bánovce nad Bebravou) Prievidza (medrekna distrikta Prievidza og Partizánske), Púchov (medrekna distrikta Púchov og Ilava), Žiar nad Hronom (medrekna distrikta Žiar nad Hronom, Žarnovica og Banská Štiavnica), Zvolen (medrekna distrikta Zvolen og Detva), Banská Bystrica (medrekna distrikta Banská Bystrica og Brezno), Lučenec (medrekna distrikta Lučenec og Poltár), Krupina og Veľký Krtíš.

**2. Område der naudvaksinasjonsplanen skal gjennomførast**

Territoriet til distrikta Trenčín, Bánovce nad Bebravou, Prievidza, Partizánske, Zvolen, Krupina, Detva, Veľký Krtíš, Lučenec og Poltár.

---